



Arkivsak

26/03344-1

Sakshandsamar

Solveig Prestegard

Saksgang

Hovedutvalg for næring, industri og

klima

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

22.04.2026

29.04.2026

06.05.2026

Årsmøte i Kraftfylka 2026 - orientering

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Saka om årsmøte i Kraftfylka 2026 blir tatt til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Saka gjeld innkalling til årsmøte i Samarbeidande Kraftfylke (*Kraftfylka*) som Telemark fylkeskommune er medlem i. Årsmøtet vart haldt torsdag 12. mars 2026, på Radisson Blue Hotell, Gardermoen.

Kraftfylka er ei foreining for fylkeskommunar med formål:

å fremje og ivareta medlemmane si felles interesse i kraftspørsmål, samt sikre at ein størst mogleg del av verdiskapinga vert verande igjen i dei områda der vasskraftressursane finst og verdiane vert skapte.

Saka er ei orienteringssak.

Saka blir handsama av hovudutval for næring, industri og klima, som uttaler seg. Fylkesutvalet innstiller til Fylkestinget. Fylkestinget gjer endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

Kraftfylka organiserer dei største kraftproduserande fylka i Noreg. Til saman disponerer fylka om lag 2,1 TWh konsesjonskraft og mottok naturressursskatt. Samanhengen mellom kortreist, grøn kraftproduksjon og industri er viktig for organisasjonen.

Telemark fylkeskommune har mottatt innkalling til årsmøtet med fylgjande sakspapir:

- Innkalling til årsmøte i Samarbeidande Kraftfylke 2026
- Årsmelding for 2024
- Årsmelding for 2025

- Vedtekter per april 2024
- Protokoll frå årsmøtet 2024
- Rekneskap for 2024
- Rekneskap for 2025

Styret vart vald for perioden 2024-2028 på årsmøtet i 2024. Terje Riis-Johansen er fast styremedlem frå Telemark fylkeskommune. Bent Frode Nystrøm er vara.

Fylkesordførar Sven Tore Løkshid er vald som Telemark fylkeskommune sin representant til årsmøte i Kraftfylka, i sak 57/23 - 12.12.2023.

Olav Fredrik Hallset er dagleg leiar i Kraftfylka sidan juni 2022.

Gjennomgang av årsmøtesakene:

Det er sendt innkalling med fylgjande saker

- 1-26 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 2-26 Val av møteleder, sekretær og underskrivarar av protokoll, registrering av fullmakter
- 3-26 Godkjenning av rekneskap og årsmelding for 2024 og 2025
- 4-26 Vedtekter og forslag til vedtektsendring
- 5-26 Val
- 6-24 Eventuelt

Sak 3/26 – Godkjenning av rekneskap og årsmelding for 2024 og 2025

Årsmelding for 2024

I 2024 har Kraftfylka har desse fylkeskommunane vore medlem: Finnmark, Troms, Nordland, Vestland, Rogaland, Agder, Vestfold, Østfold, Telemark og Innlandet.

Etter årsmøtet i april 2024 har styret vore:

Leiar: Noralv Distad, Vestland, Høyre
 Nestleiar: Aleksandra Seljeseth, Troms, Ap
 Bjørn Larsen, Nordland, FrP
 Thomas Arild Mølmann, Finnmark, Nordkalottfolket
 Oddny Helen Turøy, Rogaland, KrF
 Tore Grobak Vamraak, Agder, Høyre
 Terje Riis-Johansen, Telemark, Sp
 Anne Strømøy, Vestfold, Høyre
 Peer Gunnar Sveen, Innlandet, Ap
 Siv Henriette Jacobsen, Østfold, Ap (kom inn i styret då Østfold meldte seg inn i foreininga)

Årsmøtet i 2024 vedtok samansetjinga av styret fram til 2028. Leiar er på val att i 2026.

Årsmøtet i 2024 vedtok at styreleiar skal ha eit årleg honorar på 90 000 kroner, nestleiar 25 000 kroner. Øvrige styre- og varamedlemmer får ei godtgjersle på 2 000 kroner per styremøte dei deltek på.

På årsmøtet i 2024 vart fylgjande saker vedtatt som prioriterte for komande årsmøteperiode :

- *Rekruttering av samtlige fylkeskommuner som medlemmer i Kraftfylka*
- *Økonomiske rammebetingelser for vertsfylker og -kommuner som bidrar til økt produksjon av fornybar energi*
- *Styrket regional medvirkning i prosesser knyttet til utbygging av fornybar energi og strømnnett*
- *Økt kompetanse om kraftspørsmål for medlemsfylkene, på både politisk og administrativt nivå*

Desse satsingsområda har blitt fylgd opp ved ei rekkje aktivitetar, som mellom anna:

- Energiseminar og årsmøte på Gardermoen 4.-5. april 2024.
- Skriftlege høyringsinnspel i viktige saker som gjeld energi, nett, statsbudsjett, konsesjonshandsaming av solkraft med meir. Totalt har Kraftfylka levert høyringsfråsegn i 9 høyringar.
- Deltatt i fire munnlege høyringar på Stortinget, og hatt møter direkte med stortingspolitikarar og sentrale fagmyndigheiter.
- Sendt innspel til alle partia sine programkomitear, som skal handsamast på landsmøta i 2025.
- Hatt fem styremøte, der to har vore fysisk oppmøte. Hatt møter med dei administrative kontaktpersonane i medlemsfylka i forkant av kvart styremøte.
- Besøk til enkelte medlemsfylke.
- Arrangert eitt Kraftfylka-webinar om Kraftløftet sitt analyse dashboard.
- Rekruttert fleire medlemer til Kraftfylka.

Kraftfylka har vore aktiv i media med fleire avisinnlegg. Kraftfylka har også engasjert seg i debatten rundt endringar i kraftskattesystemet og i arbeidet med å få prisjustert naturressursskatten, som fylka får inntekter frå. I statsbudsjett for 2025 vart skatten justert, og kommunesektoren sine inntekter auka med om lag 50 millionar kroner.

Kraftfylka har løfta fram mange tema, mellom anna at ein er avhengig av lokal aksept for å etablere meir fornybar kraftproduksjon. Då må insentiva overfor vertsfylka og -kommunane styrkast. Fylkeskommunane sin rolle som samfunnsutviklarar er avhengig av tilgjengeleg nett og kraft, og tilstrekkeleg finansiering.

Rekneskap 2024

Driftskostnadene i 2024 var på 2 654 279 kroner. Det er eit avvik frå vedtatt budsjett på -24 517 kroner. Årsresultatet er på kr -6 490 kroner. Eigenkapitalen til foreininga er pr. 31.12.2024 2 204 809 kroner.

Årsmelding for 2025

Styret i Kraftfylka har i 2025 vore fylgjande personar:

- Leiar: Noralv Distad, Vestland, Høyre
- Nestleiar: Aleksandra Seljeseth, Troms, Ap (har trukket seg fra alle politiske verv, også Kraftfylka)
- Bjørn Larsen, Nordland, FrP (innvalgt på Stortinget fra oktober 2025. Svein Eggesvik er innstilt som styremedlem etter årsmøtet i 2026).
- Thomas Arild Mølmann, Finnmark, Nordkalottfolket
- Oddny Helen Turøy, Rogaland, KrF
- Tore Grobæk Vamraak, Agder, Høyre
- Terje Riis-Johansen, Telemark, Sp
- Anne Strømøy, Vestfold, Høyre
- Peer Gunnar Sveen, Innlandet, Ap
- Siv Henriette Jacobsen, Østfold, Ap

I 2025 har Kraftfylka hatt aktivitet i samsvar med satsingsområda som vart vedtekne på årsmøtet i 2024.

Kraftfylka har levert skriftlege høyringsinnspel i 20 høyringar som gjeld spørsmål om energi, nett, statsbudsjett, kommunespørsmål m.m. Kraftfylka har også deltatt på seks munnlege høyringar på Stortinget. I tillegg har dei hatt direkte møter med politisk leiing i Energidepartementet og partia på Stortinget.

I høyringane og i møta har Kraftfylka kome med innspel rundt fylgjande tema:

- Behov for auka utbygging av fornybar kraftproduksjon og auka nettkapasitet er ein føresetnad for at fylkeskommunane skal kunne utføre rolla som samfunnsutviklar
- Fordeling av skatteinntekter frå kraftproduksjon, og innretning på naturressursskatten
- Innføring av utgreiingsplikt overfor kommunar som mottar søknadar om vindkraftutbygging
- Fylka må bli sikra reell medverknad og påverknad i planlegginga av ny kraftproduksjon og etablering av ny nettkapasitet

Det har blitt gjennomført fire styremøte og møter med administrative kontaktar i medlemsfylka før styremøta. Sekretariatet og administrative kontaktpersonar i medlemsfylka har også kontakt i arbeidet med høyringsfråsegner og liknande.

Kraftfylka er aktive i media og har også hatt samarbeid med fleire eksterne aktørar i 2025.

Rekneskap for 2025

I 2025 har Kraftfylka hatt ei driftsinntekt på 2 678 354 kroner. Driftskostnadene har vore 2 373 599 kroner. Det gjev eit overskot på 334 178 kroner. Eigenkapitalen til foreininga er per 31.12.2025, 2 482 125 kroner.

Sak 4-26 Vedtekter og forslag til vedtektsendring

Det er foreslått å endre vedtektene § 7 – Styret, når det gjeld val av styreleiar.

Bakgrunnen er at noverande vedtekter seier at det skal gjerast val/gjenvalg av styreleiar midtveis i fylkestingsperioden. Bakgrunnen for ordninga var at ikkje alle fylkeskommunar hadde representasjon i styret. Då kunne det vere aktuelt å bytte leiar undervegs i perioden. No er alle medlemsfylke representert i styret, og ein ser dermed ikkje lenger behov for å byte leiar undervegs.

Det blir difor foreslått å fjerne fylgjande setning i § 7 i vedtektene:

Styreleder velges av årsmøtet og sitter to år av gangen. Gjenvalg kan finne sted.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Det er ingen økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar ved saka.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

- *Bærekraftsmål nr 7 - Rein energi til alle:* Gjennom Kraftfylka støttar og utviklar vi produksjonen av fornybar kraft i fylket, som kjem alle til gode.
- *Bærekraftsmål nr 9 - Bærekraftig industri, innovasjon og infrastruktur:* Produksjonen av fornybar kraft er viktig for å kutte utslepp og sikre arbeidsplassar i industrien og næringslivet elles, og for utvikling av nye løysingar.
- *Bærekraftsmål nr 11 - Bærekraftige byar og lokalsamfunn:* Vasskraftproduksjonen i fylket bidreg økonomisk til næringsutvikling lokalt og regionalt gjennom konsesjonskraft, skattar m.m.
- *Bærekraftsmål nr 17 - Samarbeid om å nå måla:* Samarbeid på tvers av fylke for å sikre og auke fornybar kraftproduksjon er viktig for å nå dei felles måla.

Fylkesdirektørens vurdering

Kraftfylka er ein viktig organisasjon for Telemark fylkeskommune. Telemark er eit fylke med stor kraftproduksjon, og er også avhengig av tilgang på tilstrekkeleg kraft og nett for å klare å nå måla om grøn omstilling. Kraftfylka bidreg til at fylkeskommunen sine interesser og arbeid i desse sakene blir løfta på nasjonalt nivå, i samarbeid med andre fylkeskommunar i landet.

Fylkesdirektøren ser det som positivt at Kraftfylka har god og jamn aktivitet, og at dei målsetjingane som vart vedtatt i 2024 er fylgd opp på ein god og konkret måte både i 2024 og i 2025. Årsmeldingane syner at Kraftfylka jobbar aktivt inn mot nasjonale styresmakter som Stortinget og regjeringa, i viktige saker for Telemark, som mellom anna produksjon av fornybar kraft, energi, nett, kommuneøkonomi, fylkeskommunane sin samfunnsrolle, med meir.

Oversikten over høyringar Kraftfylka har svart på og deltatt i møter om, viser at Kraftfylka dekkjer ei stor breidde av saker for fylkeskommunane, både meir teknisk krevjande spørsmål

innanfor nett og kraft, økonomiske spørsmål og viktige samfunnssaker. Det er svært positivt for Telemark fylkeskommune at Kraftfylka kan svare på desse sakene, delta i debattane og løfte dei på vegne av fylkeskommunane.

Fylkeskommunen er politisk representert i styret til Kraftfylka. Kraftfylka samlar også dei administrativt tilsette i fylkeskommunane til innspel og erfaringsutveksling. Dette legg eit godt grunnlag for samarbeid mellom fylkeskommunane. Kraftfylka bidreg med god og oppdatert kunnskap til Telemark fylkeskommune.

Kraftfylka har tilstrekkeleg god eigenkapital, og eit godt utgangspunkt for framleis aktivitet i organisasjonen.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Innkalling årsmøte i Samarbeidande Kraftfylke 2026

Vedlegg 2 - Vedtekter pr. april 2024 Kraftfylka

Vedlegg 3 - Årsmelding 2024 Kraftfylka

Vedlegg 4 - Regnskap 2024 Kraftfylka

Vedlegg 5 - Årsmelding 2025 Kraftfylka

Vedlegg 6 Regnskap 2025 Kraftfylka